



Årsmelding Bø o-lag 2025



Styret

Styret for Bø o-lag har sett slik ut:

Leiar:	Dag Steinar Ragvin (på val)
Nestleiar og sekretær:	Elisabeth Bratland Solberg (på val)
Kasserar:	Leif Halvor Sunde (på val)
Styremedlem:	Per Sveinung Norendal (ikkje på val)
Styremedlem:	Gyrid Kvaale (ikkje på val)
Varamedlemmer:	Dag-Øyvind Olsen Djuvik (ikkje på val), Øyvind Støren (på val)
Valkomitè:	Jon Solberg
Revisor:	Trude Harstad

Det har vore 4 styremøte i 2025.

Medlemstal og økonomi

Medlemstalet i 2025 er 109. Det er ein oppgang på 15 frå 2024, same som i 2023 og 9 færre enn i 2022. Rekneskapan viser eit overskot i 2025 på kr 20 496,-. Bø o-lag har ein eigenkapital på kr 485 463,- (kr 464 967,- i 2024) og bankinnskot på kr 485 663,- pr. 31.12.2025.

Bøløpet 2025

Bøløpet blei arrangert Søndag 4. mai 2025 i Folkestadåsane frå Folkestad barnehage i bustadfeltet. 40-50 postar ute i skogen la grunnlaget for 7 løyper i forskjellige lengder og vanskelighetsgrader ute i terrenget på Folkestadåsane. Terrenget er fint å løpe i og populært for tilreisande. Det var gode tilbakemeldinger fra løperne. Takk til barnehagen for lån av det flotte uteområdet til småtrollarrangement for dei minste. Her var det mange ivrige deltakere som stolt følger kart, finner poster og mottar premie. Mange fra Bø O-lag var med på å arrangere denne dagen. Det er godt samarbeid i klubben og det er hyggelig å jobbe dugnad når en har med seg så mange flinke folk! Ein ekstra takk til Tone Nilsen som var løpsleiar, Jon Solberg og Steinar Lande som var løypeleggjarar og Leif Halvor Sunde som var tidtakar. 135 deltok. Fint vær men litt vind.

Kartarbeid 2025

Arbeidet med det nye store sentrumskartet teikna etter kartnormen for sprintorientering blei ferdig våren 2025. Arbeidet starta hausten 2023. Spelemidlar for dette kartet (kr 88 000,-) blei utbetalt i 2025.

Anna kartarbeid i 2025:

- * Revisjon av Gvålaåsen. Kr 52 750,-
- * Revisjon av Bergenåsen. Kr 15 000,-
- * Instruksjons-/småtrollkart Folkestad barnehage. Kr 4125,-

Totale kartutgifter 2025: Kr 138 563,-

Rekruttering

Tre barneorienteringar blei gjennomført ved sesongstart. Dei to første ved Bø skule før påske og det siste ved Universitetet etter påske saman med klubbkveld og treningsløp for alle. Styret stod for pølsegrilling som eit sosialt initiativ på klubbkvelden fyrste onsdag etter påske. 25 - 40 barn deltok i barneorienteringa desse tre kveldane.



Det blei ikkje arrangert skuleorientering. O – laget låner ut tidtakarutstyr og postestingar til Bø og Gvarv skular. Vi har tidlegare donert postflagg til skulane.

I N-løypa starta 96 om våren (41 i 2024, 51 i 23, 99 i 22) og 27 om hausten (21 i 2024, 43 i 23, 28 i 22).

I C-løypa starta 47 om våren (31 i 2024, 39 i 23, 25 i 22) og 33 om hausten (37 i 2024, 30 i 23, 23 i 22).

I perioden 6. desember - 7. januar var fire juletre ulike stader i Bø - skog pynta med refleksar. Ein kunne finne trea ved hjelp av kart og hodelykt. Brosjyre låg hos Bø Bok og Papir og på Gullbring kulturhus! Det verkar som dette var populært og det kom positive tilbakemeldingar.



SPORTSLEG AKTIVITET



Treningsløp

19 treningsløp vart arrangert på onsdagar. Inkludert i desse var fire haustsprintløp og eit nattløp. Desse arrangementa hadde totalt 599 startar, 32 i gjennomsnitt pr. gong. Deltakinga har variert frå 10 til 49. Siste åra:

- 2013: 720 startar i 20 løp, i snitt 36 pr. løp
- 2014: 860 startar i 21 løp, i snitt 41 pr. løp
- 2015: 725 startar i 20 løp, i snitt 36 pr. løp
- 2016: 755 startar i 20 løp, i snitt 38 pr. løp
- 2017: 926 startar i 19 løp, i snitt 46 pr. løp
- 2018: 802 startar i 21 løp, i snitt 38 pr. løp
- 2019: 575 startar i 18 løp, i snitt 32 pr. løp
- 2020: 931 startar i 21 løp, i snitt 44 pr. løp
- 2021: 804 startar i 19 løp, i snitt 42 pr. løp
- 2022: 519 startar i 18 løp, i snitt 29 pr. løp
- 2023: 443 startar i 16 løp, i snitt 28 pr. løp
- 2024: 520 startar i 17 løp, i snitt 31 pr. løp
- 2025: 599 startar i 19 løp, i snitt 32 pr. løp

153 personar (28 fleire enn året før, 31 fleire enn i 2023, 25 fleire enn i 2022 og 4 færre enn i 2021) deltok ein eller fleire gonger. Tusen takk til alle som har hjulpet til og alle som har deltatt!

Treningar

Felles løpetreningar vart avholdt 5-6 onsdagar frå slutten av oktober. Oppmøtestad ved Bø Torg. Ca. 4 - 8 personar deltok kvar kveld. Løpeturen føregjekk på ulike vegar og stigar.

Klubbmeisterskap

Blei ikkje avholdt. Det er fleire år sidan siste klubbmeisterskap nå.

Deltaking frå o – laget i større løp

Hjalmarløpet Skien	14
Veteranmesterskapet Notodden	14
Sørlandsgaloppen	12
Bøløpet	12
Langesund sprint (KM)	11
Notodden vårløp	9
Porsgrunn vårløp	7
Porsgrunn city race	7



Medaljer i KM

Mellomdistanse i Skien

H17-20: Gaute Bratland Solberg Sølv

Stafett Kongsberg

H150: Bø o - lag (Jon Solberg, Jarle Botnen, Steinar Lande) Bronse

Resultat frå nasjonale meisterskap og liknande

NM nattorientering Kristiansand

30. Gaute Bratland Solberg i H17-18

NM sprint Oslo

32. Gaute Bratland Solberg i H17-18

NM knockoutsprint Oslo

18. Gaute Bratland Solberg i H17-18

NM stafett Hadeland

77. Bø o - lag (Eilev Kvaale, Dag Steinar Ragvin, Steinar Lande) i H17



NM skiorientering sprint Høydalsmo

20. Dag Steinar Ragvin i H21

Veteranmeisterskapet Notodden

- 5. Inger Lise Solberg D80 sprint
- 6. Synnøve Dalva D80 langdistanse
- 8. Margit Ryen Steen D75 langdistanse
- 9. Inger Lise Solberg D80 langdistanse
- 12. Elisabeth Bratland Solberg D50 sprint
- 12. Margit Ryen Steen D75 mellomdistanse
- 13. Elisabeth Bratland Solberg D50 langdistanse
- 13. Hallvard Myrvoll H80 langdistanse
- 14. Margit Ryen Steen D75 sprint
- 15. Elisabeth Bratland Solberg D50 mellomdistanse
- 19. Tore Håndstad H65 langdistanse
- 21. Gyrid Kvaale D65 sprint
- 28. Bjørn Steen H75 langdistanse
- 32. Bjørn Steen H75 mellomdistanse
- 38. Tore Håndstad H65 mellomdistanse

MOT-TV

Carl Wilhelm Støren, Vegard Bratland Solberg og Ivo Ågotnes har deltatt på ein av leirane i orienteringskretsens 13-16-års satsing. Jon Solberg var med som leiar. Carl Wilhelm har deltatt i fleire av løpa i MOT-TV-cupen.

Sosialt

Sesongstart

Fyrste onsdag etter påske klargjorde o - laget grill og spanderte grillpølser med tilbehør til alle deltakarar ved grillplassen utanfor USN i samband med treningsløp og barneorientering.

Vårsesongavslutning

Vårsesongen blei avslutta med pølseespising ved skiskyttarbanen på Nordbøåsen i samband med siste treningsløp før sommaren.

Sesongavslutning

Avslutninga for 2025-sesongen blei utandørs frå grillplassen utanfor USN med nattorientering, grilling og premieutdeling for sesongen. Godt oppmøte.



Styret takkar medlemmane og andre som har stilt opp for Bø o-lag i året 2025.

For styret, leiar

Dag Steinar Ragvin